

Anmodning om utbetaling

Sted og dato: Kviteseid 12.12.2024

Saksbehandler Ellinor Kristiansen

Søker (vår ref.) Vinje kommune

Søknadsinformasjon

Søknadsnr 2023-0056

Tilsagnsnr

Arkivsak

Gyldig til -

Prosjektnavn Vest-Telemark - Sterk inn i framtida

Anmodning om Sluttutbetaling

Utbetales nå	1 318 454	Rest til utbetaling	0
---------------------	-----------	----------------------------	---

Tidligere utbetalt	0	Tilskuddsbeløp	0
---------------------------	---	-----------------------	---

Beskrivelse Bygdevekstavtale for Vest-Telemark

Delutbetaling	0	Sluttutbetaling	1 318 454
----------------------	---	------------------------	-----------

Sum kostnader Godkjent: 0, Akkumulert: 1 399 647, Rest: -1 399 647

Navn Vinje kommune

Org.nr 964964610

Kontonummer 27170700037

Innsendt 12.12.2024

Statusrapportering for Sluttutbetaling

Vi leverte midtvegsrapport innan fristen 30.juni 2024.

Frå juli til november 2024 arbeidde vi med avtaleutkastet.

Styringsgruppa har hatt fysiske og digitale møte gjennom hausten 2024.

Vi har arrangert fleire verkstad for aktuelle aktørar (kommunale og private). Det har vore tett dialog med innleigde konsulentar som føretok intervju, besøk, gjennomførte verkstader og møte. Dei har

gjewe oss tilbakemelding i form av skriftlege rapportar med råd og tips til tiltak som skal takast inn i handlingsplanen. Vi gjennomførte møte med kommuneplanleggarar for alle seks kommunane.

Næringskollegiet er involvert og har hatt moglegheit for å kome med innspel.

I rådsmøta til Vest-Telemark interkommunalt politisk råd (Vest-Telemarkrådet) er det blitt informert om status for arbeidet med bygdevekstavtala. Det er godt forankra politisk.

Det var god deltaking på politisk dialogmøte i Oslo i september der alle ordførarane, fylkespolitikarar og representantar frå statsforvalteren deltok. Vi fekk presentert utfordringane og delmåla våre for KDD og dei andre pilotane, og møtet var lagt opp som ein god dialog med statsråd og representantar frå ulike departement.

Prosjektleiari har delteke i prosjektleiarnettverk på teams og eitt fysisk møte saman med Distriktsenteret og KDD.

Vi har gjennomført møte om dei aktuelle delmåla våre med Husbanken og Universitetet i Sørøst-Noreg (USN). I november deltok vi på Husbankkonferansen for region sør i Arendal og fekk presentert bygdevekstavtale-arbeidet.

Vi har vore med på regionalt kompetansenettverk hjå Statsforvalteren i Vestfold og Telemark saman med fylkeskommunane i Vestfold og Telemark og mange andre aktørar som har fokus på kompetanse innan helse og oppvekst.

Det har vore involvering i form av møte, verkstader, spørjeundersøkingar, speed-intervju mm av innbyggjarar, aktuelle bedrifter, entreprenørar, kommunalt tilsette innan for dei tre aktuelle satsingsområda våre og politikarar i dei seks kommunane.

Ut frå søknaden som vart sendt sommaren 2023, måtte det bli endringar sidan tida var knapp og vi valde å nytte eigne tilsette i staden for å lyse ut stillinga som prosjektleiar. Etter politisk vedtak, valde vi å kjøpe nokre av tenestene for at vi kunne få råd og hjelp utanfrå; noko vi syns har fungert fint. Dialogen og kontakten med dei konsulentfirmaene har vore tett og god.

Styringsgruppa med representantar frå Vest-Telemarkrådet, kommunedirektørutvalet i Vest-Telemark, næringskollegiet i Vest-Telemark, Telemark fylkeskommune og Statsforvalteren i Vestfold og Telemark har hatt jamlege møte og kontakt via teams og e-post gjennom heile perioden. Alle dei seks ordførarane har fått fullmakt til å forhandle fram forslag til Bygdevekstavtala. Den endelege avtala skal leggjast fram for kommunestyret for godkjenning før formell signering.

Kostnader til arbeidet med bygdevekstavtala går fram av tabellen. Vi har oppretta eige

ansvarsområde i rekneskapsprogrammet Agresso slik at det er lett å hente fram oversikt på det som er ført på bygdevekstavgift.

I eige arbeid og eigeninnsats inngår tidsbruk og løn til prosjektleiar og prosjektansvarleg, møteverksemd for styringsgruppa, div. politiske møte, verkstader mv.

Kostnadsrapportering

Tittel	Ny kostnad	Godkjent	Akkumulert	Rest
Diverse kjøyreutgifter/reiseutgifter/opphaldsutgifter prosj.leiar	Ny	0	7 408	-7 408
Eige arbeid og eigeninnsats	Ny	0	577 200	-577 200
Kjøp av tenester	Ny	0	761 200	-761 200
Møteutgifter (leige av lokale, servering mm)	Ny	0	28 379	-28 379
Utgifter til politisk dialogmøte i Oslo	Ny	0	25 460	-25 460
SUM KOSTNADER		0	1 399 647	-1 399 647